

## **Invitasjon til prekvalifisering nytt fylkesordførarkjede**

Som ny fylkeskommune trer Vestland fylkeskommune i kraft frå 1.1.2020. Det nye Vestland fylkesting vil bli konstituert innan oktober 2019, og har vedtakskompetanse for saker med virkning frå 1.1.2020.

Den nye fylkeskommunen skal ha eit nytt fylkesordførarkjede til fylkesordføraren i Vestland fylkeskommune. Det er ei målsetjing at kjedet er klart til konstitueringa av nye Vestland fylkesting i oktober 2019. Vidare skal den nye fylkeskommunen ha nye møteklubber til leiarane av dei fem politiske utvala. Desse må vere på plass 1.1.2020.

Vi søker kunsthandverkarar / designarar til ope prekvalifisering for nytt ordførarkjede og møteklubber til Vestland fylkeskommune.

### Kven kan søkje

Profesjonelle kunsthandverkarar og designarar vert invitert til å melde grunngjeve interesse for oppdrag til å utforme nytt ordførarkjede og møteklubber til Vestland fylkeskommune. Målet er å finne kandidatar til lukka konkurranse eller direkte oppdrag.

### Om ordførerkjedet

Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommuner har rikt utsmykka og symboltunge ordførarkjeder i dag. For arbeidet med ordførarkjede til Vestland fylkeskommune er det viktig å få fram kva ordførarkjedet skal symbolisere for den nye fylkeskommunen og at det skal vere eit smykke som representerer Vestland fylkeskommune på ein god måte.

### Om møteklubbene

Møteklubbene i dag er laga av tre og har fylkeskommunen sitt våpen på begge sider.

### Søknadskrav

Søklar må sende ei – 1 – pdf-fil med kort, grunngjeven interesse, dokumentasjon av tidlegare arbeid / relevante prosjekt, og CV. Pdf-en kan vere på maksimum 10 A4 sider, alt inkludert (9 MB). Nettlenkjer kan nyttast som tillegg til dokumentasjon. Obs! Vi ønskjer i denne omgang ikkje konkrete idear eller skisser til prosjekt.

Søknad sendast til [hfk@hfk.no](mailto:hfk@hfk.no). Merk emnefeltet med saksnummer 2019/2767 – Fylkesordførarkjede til Vestland fylkeskommune. Søknadsfrist er 31.mai 2019

### Om prosessen og vurdering av kandidatar

Profesjonelle kunsthandverkarar og designarar vert oppfordra til å melde si interesse for prosjektet. Med profesjonell meinast at ein har utdanning innan faget på høgskule / universitetsnivå eller tilsvarande realkompetanse.

Alle søknadane vil verte gjennomgått, og vil utgjere ein base for komiteen sitt arbeid vidare. Målet er å finne kandidatar til lukka konkurranse eller direkte oppdrag.

Kontaktperson: Marianne Ose Askvik